



Notat

Dato: 07.05.2018
Arkivsak: 2014/12154-23
Saksbehandlar: fromann

Til:	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Sjukefråvær i HFK 1. kvartal 2018

Samandrag


Sjukefråværet gjekk opp i første kvartal, frå 6,19 prosent i 2017 til 6,37 prosent i 2018, ein auke på 3,0 prosent. Eigenmeldt og legemeldt fråvær har gått opp for kvinner, mens det for menn har vore ein auke i eigenmeldt fråvær og reduksjon i det legemeldte fråværet. Utviklinga varierer mellom avdelingane, der nokon går opp og andre ned. Lågast var fråværet dette kvartalet i Bybanen utbygging med 1,98 prosent, som er ein reduksjon på 78,8 prosent i forhold til året før.

Statistikkgrunnlaget

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå statistikkmodulen «HR Analyse» i HR-Portalen. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved sjukdom hos barn/barnepassar er ikkje med i denne statistikken.

Sjukefråværsutviklinga

Figur 1 Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 1.kv. 2015 – 1.kv. 2018




Fråværet i første kvartal 2018 var på 6,37 prosent, mot 6,19 prosent i første kvartal 2017. Dette utgjer ein auke på 3,0 prosent. Første kvartal er vanlegvis det kvartalet med høgast fråværsprosent.

Kjønnsfordeling


Sjukefråværet gjekk opp for både kvinner og menn, jf. figur 2. For kvinner gjekk fråværet opp frå 7,68 prosent til 7,96 prosent, medan det for menn gjekk litt opp frå 4,19 prosent til 4,24 prosent. Vi har dermed framleis ein sterk kjønnskilnad i sjukefråværet. Denne skilnaden varierer noko frå avdeling til avdeling og mellom yrkesgruppene.

Figur 2: Sjukefråværet i heile HFK, fordelt på kjønn, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv. 2017



Eigenmeldt vs. legemeldt sjukefråværet

Figur 3: Sjukefråværet i heile HFK, eigenmeldt og legemeldt, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv. 2017.



Figur 3 viser at begge fråværestypar har auka, noko større auke for det eigenmeldte fråværet.

Fordeling på avdelingane

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.

Figur 4: Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv. 2017.


	Tal tilsette 1. kv 18	1. kv 17	1. kv 18	Differanse	Differanse %
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	4407	6,19 %	6,37 %	0,19	3,0 %
EIGEDOMSAVDELINGA	259	9,84 %	9,65 %	-0,20	-2,0 %
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA	202	5,73 %	3,84 %	-1,89	-33,0 %
REGIONALAVDELINGA	73	4,90 %	6,41 %	1,51	30,8 %
SAMFERDSELSAVDELINGA	106	5,79 %	7,24 %	1,45	25,0 %
BYBANEN UTBYGGING	44	9,34 %	1,98 %	-7,36	-78,8 %
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	80	4,77 %	5,77 %	1,01	21,1 %
TANNHELSEAVDELINGA	397	8,95 %	10,21 %	1,26	14,1 %
OPPLÆRINGSAVDELINGA	3258	5,65 %	5,88 %	0,23	4,1 %

Som den desidert største i tal tilsette vil opplæringsavdelinga ha størst innverknad på det samla fråværet i HFK. Denne avdelinga hadde ca. 4,1 prosent auke, dvs. noko større auke enn gjennomsnittet for HFK. Regionalavdelinga, Samferdselsavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga og Tannhelseavdelinga hadde ein auke i fråvær, medan Eigedomsavdelinga, Økonomi- og organisasjonsavdelinga og Bybanen utbygging hadde ein reduksjon i fråværet.

Det lågaste fråværet dette kvartalet finn ein i Bybanen utbygging, som også hadde den største prosentvise reduksjonen frå tilsvarende kvartal året før. Bybanen utbygging er ei lita avdeling og er derfor utsett for tilfeldige utslag.

Fordeling på alder

Figur 5: Sjukefråvær pr. aldersgruppe i HFK, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv. 2017




Figur 5 viser at sjukefråværet auka for alle aldersgruppene med unntak av dei under 20 år (ei svært lita gruppe) og dei over 60 (ca. 735 tilsette), som fekk noko redusert fråvær.

Sjukefråvær i ulike stillingsgrupper

Sjukefråværet varierer sterkt mellom dei ulike stillingsgruppene i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre stillingsgrupper er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.


Figur 6: Sjukefråvær pr. stillingsgruppe i HFK, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv. 2017.



Figur 5 viser at nokre yrkesgrupper har markant auka fråvær: driftspersonell, leiarar i fylkesadministrasjonen, rådgjevarar og tannlegar. Andre grupper har redusert fråvær: kontorpersonell, reinholdarar, tannhelsesekretærar og tannpleiarar.


Ein har sett nærare på aldersfordelinga av sjukefråværet for nokre stillingsgrupper: Reinholdarar, tannhelsesekretærar, miljøarbeidarar, kontorpersonell og rådgjevarar.

Figur 7: Sjukefråvær for reinholdarar i HFK, fordelt på alder, 1. kv. 2018 samanlikn med 1. kv. 2017.




Grappa 20-29 år gjeld berre 3,2 årsverk, så prosentauken kan ein ikkje legge vekt på. Her er det verdt å leggje merke til det sterkt reduserte fråværet for dei eldste reinholdarane, sjølv om det framleis er noko høgt. Denne aldersgruppa utgjer 14,7 årsverk, så ein må vere noko forsiktig med å trekke slutningar basert på prosenttala.

Figur 8: Sjukefråvær for tannhelsesekretærer i HFK, fordelt på alder, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv.2017.




For tannhelsesekretærene har fråværet auka kraftig for alle under 50 år, medan dei eldste har redusert sjukefråvær dette kvartalet. Reduksjonen i sjukefråværet i dei to eldste aldersgruppene gjer at det totale sjukefråværet for tannhelsesekretærer gjekk ned med 2,3 prosent frå 1 kvartal 2017 til 1 kvartal 2018. 52% av sekretærene er eldre enn 49 år.

Figur 9: Sjukefråvær for miljøarbeidarar i HFK, fordelt på alder, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv.2017.




For miljøarbeidarane er det aldersfordelte biletet noko samansett. Ein ser at gruppa over 60 har kraftig auke – denne aldersgruppa utgjer 12 prosent, det same gjeld aldersgruppa 40-49 år som utgjer 30 prosent. Her har dei yngre miljøarbeidarane, saman med gruppa 50-59, fått redusert fråvær.

Figur 10: Sjukefråvær for kontorpersonell i HFK, fordelt på alder, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv. 2017




Figur 10 viser at for kontorpersonell har fråværet gått ned for alle gruppene unntatt for gruppa 30-39 år. Dei eldste har framleis høgast fråvær.

Figur 11: Sjukefråvær for rådgjevarar i HFK, fordelt på alder, 1. kv. 2018 samanlikna med 1. kv. 2017



Gruppa rådgjevarar i HFK har i overkant av 500 tilsette, dei fleste tilsett i fylkesadministrasjonen. Ei kjønnsfordeling viser at medan mannlege rådgjevarar har ei jamt fråvær på under 4 prosent, har kvinnelege rådgjevarar ei auke på over 50 prosent dette året, frå 6,42 til 9,9 prosent sjukefråvær.

Figur 12: Historisk sjukefråvær for kvinnelege rådgjevarar i HFK, 1. kv. 2016 – 1.kv. 2018



Det er ca. 280 kvinnelege rådgjevarar i HFK. Det er derfor neppe tale om eit tilfeldig utslag når vi får ei slik kraftig auke. Om lag 250 av desse kvinnene er tilsett i fylkesadministrasjonen inkl. OT/PPT og Skyss. Nærare analyse viser at det er særlig er i fire avdelingar at det har vore stor auke i sjukmelde dagsverk for denne gruppa: Regionalavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga, Tannhelseavdelinga og Opplæringsavdelinga.